



DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Dykkar ref

Vår ref
23/2583-

Dato
20. juni 2023

Høyring av forslag om overføring av ansvaret for helsetilbudet ved utlendingsinternat til kommunen der utlendingsinternata ligg

Helse- og omsorgsdepartementet sender på høyring eit forslag om endringar i helse- og omsorgstjenesteloven og utlendingsinternatforskriften.

Forslaga følgjer mellom anna opp Stortinget sitt oppmodingsvedtak om å sikre at helsetenesta i Politiet sitt utlendingsinternat, Trandum, blir lagt inn under den offentlege helsetenesta.

Departementet foreslår ei permanent løysing der ansvaret for å ha tilbod om helsetenester for internerte i utlendingsinternat blir lagt til kommunen der internatet ligg.

Departementet ber om å få høyringssvar innan **20. september 2023.**

Vi ber om at høyringssvar blir sende digitalt gjennom departementet si side for høyringar.

Det er mogeleg å registrere seg, mellomlagre svaret og laste opp vedlegg. Det er også mogeleg til å sende høyringssvar utan å registrere seg. Alle kan gi høyringssvar. Høyringsinstansane blir bedne om å vurdere om høyringsnotatet bør sendast til underliggande etatar eller verksemder, tilknytte verksemder, medlemmar e.l.

Høyringssvar er som hovudregel, offentlege etter offentleglova, og vil bli publiserte.

Med helsing

Postadresse
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo
postmottak@hod.dep.no

Kontoradresse
Teatergt. 9
www.hod.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
983 887 406

Avdeling
Helserettsavdelinga

Saksbehandlar
Eldrid Byberg
22 24 86 85

Geir Helgeland (e.f)
avdelingsdirektør

Eldrid Byberg
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar